

Eit grønarare og meir miljøvenleg Sauda



**Sauda Venstre.**

2019-2023

**VENSTRE**  
Folk først.





## Samferdsle.

Satsing på samferdsle og god kommunikasjon er naudsynt for å få til næringsutvikling og for å få fleire til å busetja seg i Sauda.

### Venstre vil:

- ✓ behalda og styrka hurtigbåttilbodet. Betre ruter og ny teknologi kan gjera båten både raskare og meir miljøvenleg
- ✓ arbeida for tilknytning til E134. Dette gir ein større arbeidsmarknad og nye moglegheiter for Sauda
- ✓ arbeida for utbetring og rassikring av Ropeidvegen
- ✓ arbeida for lyntogforbindelse Oslo-Bergen med stasjon i Sauda

# Framtidsretta og attraktivt Sauda.

*Sauda Venstre vil satsa på langsiktig og heilskapleg utvikling av gode nærmiljø, arbeidsplassar og samferdsle.*

*Dette er ein føresetnad for trivsel, god helse, for rett miljøvern og eit godt samfunn.*



## Attraktive Sauda.

Sauda skal vera ein trygg stad å bu der rausheit og toleranse gjer at alle kjenner seg velkomne i ein levande og miljøvenleg kommune.

### Venstre vil:

- ✓ arbeida for eit innbydande og grønare sentrum der torget har ein sentral plass
- ✓ oppretthalda nærskulane, og sikra trygge skule-





## Stopp plasten - stem Venstre.

vegar for alle  
elevar i kom-  
munen

- ✓ oppretthalda  
dagens tilbod  
innan helse
- ✓ bruka  
kulturarven  
i marknads-  
føring av  
Sauda
- ✓ støtta opp om  
det kulturelle  
mangfaldet i  
Sauda
- ✓ arbeida for  
fleire stad-  
uavhengige  
arbeidsplassar
- ✓ ha kommunal  
utlånsordning  
av t.d. sports-  
utstyr



## Ta grønne val.

Dei neste ti åra er dei mest avgjerande for ein klima-snuoperasjon. Dette krev ei bevisstgjerung og ei handlingsendring hos den enkelte. I klimaspørsmål er det viktig å tenka globalt, men handla lokalt. Samstundes må naturressursane forvaltast og brukast med omtanke og med omsyn til naturen sine eigne tolegrensar.

## Venstre vil:

- ✓ arbeida for ein kommunal klimaplan med konkrete mål og tiltak
- ✓ gå over til blomstereng ved enkelte kommunale grøntanlegg for å sikra artsmangfaldet - og redda biene!
- ✓ redusera bruk av plast og premiera gode tiltak
- ✓ ta vare på den produktive jorda
- ✓ ha reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslepp
- ✓ vurderer å endra system for transport av avfall frå sorteringsanlegget til deponi

# Kandidatane våre



## 1. Anders Skaarer (f. 1978)

Er fødd og oppvaksen i Østfold. Har budd i Sauda i ni år. Godt gift og far til tre søner. Arbeider som prosjekt-leiar i Statkraft. Er engasjert i idrett og friluftsliv.

## 2. Kirsten Helledal Fosstveit

(f. 1987)

## 3. Ola Breivik

(f. 1961)

## 4. Knut Saua

(f. 1950)

## 5. Tore Bastlien Dahl

(f. 1988).

## 6. Anne Brit Solland

(f. 1966)

## 7. Øyvind Årthun

(f. 1964)

## 8. Aslaug Astad

(f. 1944)

**Eit godt miljø er ein føresetnad for god helse og trivsel.**

Sauda Venstre vil i alle saker ta særleg omsyn til miljøet og vera estetisk bevisst slik at Sauda verkar velstelt og vert trivelegare å bu i.



Les meir om Sauda Venstre på nettsidene våre:

[www.sauda.venstre.no](http://www.sauda.venstre.no)

Følg oss på sosiale media!



**VENSTRE**